

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
09.03.2023

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Anita Bakke, Inger Synnevåg, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim

Varamedlemer: Anita Bakke

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Ikkje tilstades

Desse hadde meldt forfall: Linda Skålevik Syslak, Edvard Bjerkestrand, Gerd Solheim, Arne Lerøy, Torill Hordvik

Møtte ikkje: Kine A Lerøy

Saker til førehaving:

F – 05/23 – F – 10/23

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 05/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:
Innkalling og saksliste vart godkjent

F – 06/23 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:
Anita Bakke og Anne Dahle Austrheim skriv under dagens møtebok

F – 07/23 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 25.01.2023

Framlegg til vedtak:
Møteboka frå 25.01.2023 vart godkjent

Vedtak:
Møteboka for 25.01.2023, vert lagt fram på neste møte.

F – 08/23 GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2022

Framlegg til vedtak:
Med atterhald om økonomikontoret si avstemming og revisjonen si endelege godkjenning vert rekneskapen for 2022 godkjent.

*Meirforbruk på drifta kr 45.627,- vert dekkja inn frå ubunde driftsfond.
Mindreforbruk på investering kr 21.914,- vert overført ubunde investeringsfond.*

Vedtak:
Med atterhald om økonomikontoret si avstemming, revisjonen si endelege godkjenning, føring av av kalkulatoriske utgifter/inntekter og retting av utgifter til forsikringar, vert rekneskapen for 2022 godkjent.

**Meirforbruk på drifta kr 45.627 vert dekkja inn frå ubunde driftsfond.
Mindreforbruk på investering kr 21.914 vert overført ubunde investeringsfond.**

Bakgrunn:
Rekneskapen for Austrheim Sokn er no på det meste klar. Økonomikontoret har ikkje fått gjort si avstemming av rekneskapen endå og det gjenstår dermed å få rekneskapen oversendt til revisjonen.

Hausten 2021 vart det bestemt at soknet skulle få tildelt 300 000 kroner ekstra, etter eit framlegg frå kommunedirektøren. Framlegget kom etter eit påtrykk frå både sokneråd og kyrkjeverje, som dokumenterte eit alt for knapt kommunalt rammetilskot over lang tid.

Sjølv med tilleggsøyvinga i 2022 gjekk soknet likevel ut med eit meirforbruk på 45 627,-. Dette viser at argumentasjonen som har blitt spelt inn dei siste åra

har vore heilt reell. Så lenge soknet har ein del reservar, er det ingen dramattikk å få eit relativt lite meirforbruk på drifta. Likevel bør det vera ei målsetjing å ha ei drift som gir eit lite mindreforbruk kvart år, slik at det er mogeleg å setja av reservar i fond.

Når det gjeld investering hadde vi eit lite mindreforbruk. Hovudformålet i 2022 handla om restaurering av gråsteinsmuren rundt kolerakyrkjegarden.

F – 09/2023 GODKJENNING AV ÅRSMELDINGA FOR 2022

Framlegg til vedtak:

Soknet si årsmelding for 2022 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak:

Soknet si årsmelding for 2022 vert godkjent slik den ligg føre med merknad om at bygdetreffet hadde oppstart våren 2022.

F – 10/2023 GODKJENNING AV TENESTEYTINGSAVTALEN

Framlegg til vedtak:

Tenesteytingsavtalen mellom Austrheim Sokn og Austrheim kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak:

Tenesteytingsavtalen mellom Austrheim Sokn og Austrheim kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Bakgrunn:

Innhaldet i ny tenesteytingsavtale har vore gjenstand for fleire rundar med kommuneleiinga. Avtaleteksten som no ligg føre har vore grundig gjennomarbeidd av begge sider.

Vi har vore utan gyldig avtale sidan kommunen einsidig sa den opp for eit par tre år sidan, då det vart vedteke at Austrheim skule, der kyrkjekontoret ligg, skulle seljast og kyrkjekontoret skulle flyttast til kommunehuset. Sidan dette ikkje vart noko av og kyrkjekontoret har fått forlenga sitt leigeforhold, har det vore eit stort behov for å få ny avtale på plass.

Det har også skjedd ei vesentleg endring med tanke på kven som leverer rekneskaps og faktureringstenester, samt lønskøyning. Frå og med 1.mars 2023 vert dette utført av Aider. Det er kommunen som har bedt om ei slik løysing, sidan dei vurderer det slik at dei ikkje har kapasitet til å tilby soknet denne tenesta. Soknet er blitt kompensert for dette med eit tillegg på 200 000 kroner i rammeoverføringa, i tillegg til at kommunen har tilbydd seg å dekkja etableringskostnaden.

Avtalen har fått ein del presiseringar, som tidlegare har vore uklære. Dette gjeld til dømes snøbrøytinga utanfor Lervåg bedehus.

Den årlege leiga for bruk av traktor og minigravar fell no bort. Den vert erstatta av ei ordning med timeleige av traktor med førar. Soknet har kjøpt minigravaren og har den no i sitt eige. Vi vil då kunna fakturera kommunen for bruk av vårt utstyr i den grad kommunen ønskjer å gjera seg nytte av dette.

Det har vi omsider fått til og tekstframlegget er eit omforeint forslag som begge administrasjonane har vurdert som ein god avtale.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
09.03.2023

Tilstades på møtet

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Inger Synnevåg, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim

Varamedlemmer: Anita Bakke

Andre:
Kyrkjeverja:

Desse hadde meldt forfall: Linda Skålevik Syslak, Edvard Bjerkestrand, Gerd Solheim, Arne Lerøy, Torill Hordvik

Desse møtte ikkje: Kine A Lerøy.

Saker til førehaving:
Soknerådssaker: S- 02/2023

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:
Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

Vedtak:

Austrheim sokneråd avgjer følgjande uttale i samband med tilsetjing av ny sokneprest for Austrheim og Fedje Sokn:

(Uttalen er unnateke offentlegheit og er formidla vidare til bispedømeadministrasjonen i eiga sending. Uttalen var samrøystes).

Bakgrunn:

Austrheim og Fedje Sokn har no søkt etter ny sokneprest, då vår noverande sokneprest Rune Minde går av med alderspensjon denne sommaren.

AU på Austrheim og Fedje har hatt møte med prosten og drøfta innhaldet i utlysingsteksten og dermed også kva for eigenskaper ein ønskjer at ny sokneprest bør ha.

Det er komen 1 søkjar til stillinga. Dette er Stein Hugo Fykse (f.1970). Han er kvalifisert til stillinga. For tida er han sokneprest på Osterøy for sokna Bruvik, Gjerstad og Haus. Han har tidlegare vore sokneprest i Askvoll. Som ein kuriositet kan ein nemna at han har slektsrøter på Fedje, då mor hans kom derifrå.

Begge soknerådsleiarane har i forkant av dette møtet deltatt i intervju med kandidaten.